



Adresseliste, jf. vedlegg

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Melding om oppstart - utviding av Hålandsdalen naturreservat ved frivillig vern, Suldal kommune

Fylkesmannen i Rogaland melder med dette oppstart av ny verneprosess for utviding av Hålandsdalen naturreservat mot nord langs Tyssefjorden på gnr/bnr 159/1 og 159/2 samt mot aust på gnr/bnr 165/24, 165/1, 165/2 og 164/3 i Suldal kommune. Både eksisterande vern og nå utvidinga skjer etter at grunneigarar har gitt staten ved Miljødirektoratet tilbod om frivillig skogvern. Skogeigarforeningane Vestskog og Allskog har vore sentrale i prosessen med framforhandling av avtalar.

Verneforma er naturreservat etter naturmangfaldlova § 34, jf. §§ 37 og 62.

Hålandsdalen naturreservat er i dag om lag 5718 daa, og er tenkt utvida med 818 daa skog mot nord langs Tyssefjorden og 542 daa skog mot aust. Framlegg til vernekart er lagt ved.

Hålandsdalen naturreservat vart opphavleg freda ved kongeleg resolusjon 25. januar 2013. Føremålet med naturreservatet var å bevare eit stort samanhengande skogsområde med eldre furuskog med innslag av temperert regnskog, som er lite prega av nyare inngrep. Vidare er føremålet å ta vare på alt naturleg plante- og dyreliv og dei naturlege økologiske prosessane i området.

Ei utviding av Hålandsdalen naturreservat vil bidra til vern av eit større samanhengande bar- og lauvskogområde. Utvidinga vil føre til at lågareliggende skogsmiljø i dal- og fjordmiljø blir betre representert, m.a. med rik edellauvskog, haustingsskog og skogsmiljø rike på oseaniske lav.

Ved å melde om oppstart av vern vonar Fylkesmannen å få innspel til den vidare verneprosessen. Innspel må sendast til *Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger* **innan 18. mars 2016**. Eventuelle spørsmål kan rettast til Audun Steinnes, tlf: 51 56 89 12, e-post: fmrosas@fylkesmannen.no.

Fylkesmannen vil deretter sende ut verneforslag med forskrift og vernekart på samordna lokal/sentral høyring til aktuelle partar.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernshjef

Annette Fosså
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Annette Fosså
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 20
E-post: fmroafo@fylkesmannen.no

Kopi til:

Allskog v/ Kenneth Svensson	Ingvald Ystgaards v. 13 A	7047	TRONDHEIM
Vestskog v/ Jan Ivar Rødland	Røynstrandsvegen 4	5736	GRANVIN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM